



Markane Skyttarlag

Årsmelding 2004

Styret

Styret i 2004 har vore samansett av Gunnar Øen (formann), Andreas Solvik, Paul Hatledal, Jarle Tvinnereim og Peder Hatlelid. Sidan sist årsmøte har styret hatt 7 møter og handsama tilsaman 25 saker. Medlemstalet er stabilt på ca. 65 personar.

Anlegg

Skytebaneanlegget vårt er no komplett utbygt med 10 elektroniske skiver på 200 m og 6 elektroniske skiver på 100 m. Dei største investeringane i år var 3 nye monitorar, reserve-server samt noko data utstyr for resultatservice/drift. I tillegg er det utført vedlikehald av bygningar og utstyr.

Skyttarlaget har også fått ny festekontrakt på 40 år med grunneigar Gunnhild Sindre. Dette gjer at vi kan søkje om banebidrag til utbygginga med elektroniske skiver. Skyttarlaget er særst takksame for grunneigaren si positive haldning til laget.

Vi har også merka ei auke i førespurnader frå andre lag og organisasjonar, om å nytte det fine uteområde vårt til ulike aktivitetar og føremål, t.d. skuleavslutning, markering av åremålsdagar, grillkveldar, jegercamping etc. Alle synest vi har eit flott anlegg til slike førmål.

Arrangement/aktivitet

Miniaturserongen starta i desember i Stryn Kulturhus og lagsmeisterskap vart avvikla 31. mars der Andreas Solvik og Aslak Sætren delte lagsmeistertittelen med 242 poeng føre Jarle Tvinnereim med 240 poeng.

JegerCup vart avvikla på 6 kveldar med høve for å skyte jaktprøva for storviltjakt. Vinnar i Klasse A vart Arild Seljeseth medan klasse B vart vunne av Alf Muldsvor, begge Hornindal skyttarlag.

Bilbingoen starta 23. mai med totalt 15 arrangement fordelt på søndagane utover sommaren fram til 29. august. Bilbingoen er vår viktigaste inntektskjelde, og det var godt frammøte og solid overskot også i år.

Arrangementet på Skytingens dag, kåring av årets jeger og jaktlag vart helde 6. juni. Alf Muldsvor vart årets jeger med 99 poeng, etter omskyting med Arild Seljeseth. Årets jaktlag vart Småskora. Vendefigur vart også vunne av Alf Muldsvor etter omskyting med Arne Skrede.

Stryn og Hornindal Jeger og Fisk hadde open dag på skytebana for barn og unge, med fising som hovudaktivitet.

Olsokstemnet gjekk av stabelen 23 - 25 juli (sjå eige avsnitt).

Lagsmeisterskap på bane i byrjinga av september vart vunne av Jarle Tvinnereim med 341 poeng, føre Gunnar Øen og Andreas Solvik, begge med 329 poeng. Til saman deltok 24 skyttarar, derav 18 i dei yngre klassane.

Laget gjennomførte også aktivitetskonkurransse i skogsløp med skyting, med 20 deltakarar. Neste år tek vi sikte på å ha eige lagsmeisterskap i denne aktiviteten.

Vi har hatt faste treningskveldar 3 gongar for veka. Elles har det vore tre gongar med separate jaktprøvekveldar i tillegg til Skytingens dag og jegercupen.

Utanom dette har det også vore barneidrettskule to gongar og stort MC-treff med rundt 150 deltakarar.

Sportsleg

Skyttarane i laget har også i år delteke på mange stemner rundt om i landet. Jarle Tvinnereim fekk medalje på feltskytinga på landskyttarstemnet, og kvalifiserte seg til finalen i Toyota Cupen. Jarle vart også samlagsmeister i både miniatyrskyting og baneskyting. Aslak Sætren har også hatt ein god sesong, og med poengsummen 345 på ope stemne i Skjelstadmark oppnådde han den høgste poengsummen av skyttarane våre i år.

På landskyttarstemnet hadde Markane med 5 deltakarar.

På lagskytinga i Nordfjordcupen vart vi slegne ut av Nordbygda i første runde, men laget gjorde likevel ein fin innsats med poengsummen 1347.

Olsokstemnet

Olsokstemnet hadde i år ei lita auke frå 211 til 216 deltakarar. Det er framleis det største ordinære stemnet i regionen. Mykje god skyting vart vist, og best av alle var Erling Melvær frå Florø med 392 poeng. Karl Tore Gjengstø frå Ålesund vann Olsokskytinga med 150 poeng, som er rekord på 200 m. Lagskytinga vart vunne av Hyen med 432 poeng, føre Haugen og Nordbygda.

Økonomisk

Økonomien i laget er god. Vi er gjeldfri og har ein solid eigenkapital vi kan nytte til vidare investering og drift. Vi har også von om å få utbetalt banebidrag til dei investeringane vi har gjort dei siste åra.

Bingoen

Bingoen er framleis vår største inntektskjelde, og det vart også i år eit fint overskot. Tusen takk til alle som er med og støttar opp om arrangementet.

Rekruttering

Ungdomsutvalet har i sommar hatt fast trening onsdagskveldane saman med skiskyttargruppa til idrettsslaget. Det har vore stort fram møte med oppimot 20 skyttarar på det meste. Dette er ein stor auke frå i fjor, og dei unge rekrutteringsskyttarane har vist mykje god skyting. Mange av dei var også med på både Olsokstemnet og lagsmeisterskapet. I framtida vonar vi at rekruttane også vert med på fleire opne banestemne.

Samarbeidet med Barneidrettskulen i Stryn og Markane er vidareført og vi hadde nokre kveldar med både innandørsskyting og utandørsskyting for dei aller yngste. Det er tydeleg at skyting er noko som fengjer og at interessa er veksande.

Til slutt gjenstår det berre å takke for meg som formann. Takk til alle som har vore med å støtta oss, og lukke til med ein ny sesong.

Markane 27.10.2004

Helsing

Gunnar Øen
-formann-